

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 304/2024

2025/EØS/25/53

av 6. desember 2024

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/2049 av 14. juli 2023 om endring av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852 med omsyn til produkt med tilsett kvikksølv som det er forbode å framstille, importere og eksportere⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX nr. 22a (europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32023 R 2049:** Delegert kommisjonsforordning (EU) 2023/2049 av 14. juli 2023 (EUT L 236 av 26.9.2023, s. 21).”

Artikkel 2

Teksta til delegert forordning (EU) 2023/2049 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. desember 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 6. desember 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann

⁽¹⁾ TEU L 236 av 26.9.2023, s. 21.

(*) Ingen forfattningsrettslege krav oppgjevne.